

Suldal Vekst AS
Sandsvegen 134
4230 Sand

Noregs Vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref: 202302774-2

Høyring søknad om avvik frå manøvreringsreglementet for Suldalslågen - Ripping i Suldalslågen 2023 og 2024

Suldal Vekst AS viser til skriv frå NVE av 27.2.2023, der det går fram at det er planlagt ripping i Suldalslågen sommar/haust 2023 og 2024. Me tillet oss med dette å sende eit høyringsinnspel i samband med tidspunkt for gjennomføring av dette arbeidet, der første periode er foreslått frå 15. juli og to veker fram, og andre periode frå midten av september og ut månaden.

Suldal Vekst AS driftar både Suldal Turistkontor og Laksestudioet i Sandsfossen på vegne av eigar, Suldal kommune. Laksestudioet er den største turistattraksjonen i Suldal, og har i overkant av 10.000 besøkjande i sesongen frå 15. juni til 30. september. Dei betalande gjestene kjem til Suldal for å lære om villaksen og oppleve villaksen på nært i Laksestudioet. Om ein gjennomfører rippinga «av og på» i den perioden, og om ein senkar vassføringa slik det er skildra i søknaden om avvik frå manøvreringsreglementet vil det vere svært utfordrande, for ikkje å seie umogleg, å halde Laksestudioet ope for besøkjande i det heile tatt. Vertar for sesongen 2023 er allereie tilsett frå 15. juni og ut sesongen, bookingar frå større og mindre grupper er allereie gjort og opningstidene i Laksestudioet er marknadsført. Konsekvens er at ungdommar vil stå utan sommarjobb og Suldal Vekst er nøydd til å bryte inngåtte arbeidsavtalar. Eit stengt studio vil føre til store omdømmetap både for selskapet, for reiselivsnæringa og for Suldal som reiselivskommune. Ei noko seinare opning enn 15. juni av Laksestudioet vil kunne vere ei løysing. Opning og stenging fleire gonger i løpet av sesongen er ikkje aktuelt eller mogleg.

Laksestudioet er også del av forvaltninga i elva, og mellom anna vil ein kunne ta ut t.d. pukkellaks som normalt ikkje greier forsere Sandsfossen. Erfaringsmessig kan ein i 2023 igjen forventa større innslag av pukkellaks i fjordane.

Me viser vidare til at Suldalslågen genererer stor verdiskaping i kommunen der fiske og aktivitetane knytt til elva er sentral del av reiselivstilbodet i Suldal kommune. Dei økonomiske konsekvensane for næringslivet vil vere betydelege, og spesielt for dei som har bygd sitt livsgrunnlag i og rundt laksefiske og aktivitetar knytt til Suldalslågen vil dette kunne til at driftsgrunnlaget blir borte nærast over natta og kan i verste fall føre til bortfall av arbeidsplassar og nedlegging av bedrifter. Slik me forstår endring av manøvreringsreglementet kommande og neste sesong, vil dermed dette kunne slå veldig uheldig ut med tanke på betydelege økonomiske tap og stor skade på omdømmet.

Informasjonen om tidspunkt for ripping har komme raskt og så vidt me kan sjå utan involvering eller omsyn til verdiskapinga som Suldalslågen gir og betyr for reiselivskommunen Suldal. Utan forvarsel blir store deler av sommarsesongen for reiselivet i kommunen utsett for vedtak som får store konsekvensar.

Det er sjølvsagt viktig at omsynet til laksen og sjøauren må komme først. Om det er mogleg må tidspunkt ripping i Suldalslågen foregå på tidspunkt som ivaretek både økosystem og næringsinteresser i kommunen. Ut frå innkomne høyringar, faglege innspel og dokumentasjon som er komme fram i denne saka, mellom anna frå Mo Laksegard v/Bjørn Moe og Suldal Jakt og Fiskelag, bør dette vere mogleg å få til.

Me ber difor om ei ny vurdering for gjennomføring av tidsrom for ripping for første periode frå 25. juni – 1. juli og andre periode frå 1. oktober.

Sand, 30. mars 2023

Med helsing
Suldal Vekst AS
Laila Steine
Dagleg leiar

Kopi til:
Statsforvaltaren i Rogaland
Suldal kommune